

Referat

Til stades: Per Øyvind Tveiten - leiar, Mari skeie Ljones - nestleiar
Helene M. Bolstad - nestleiar, Aslak O. Brimi, Tor Stallvik, Erlend
Viken,

Åshild Vetrhus, - 1.vara,

Fra administrasjonen: Linda Dyrnes, Anbjørg m. Bergwitz under sak 56, Rannveig
Djønne under sak 57, 61,62, Trond Stenseth Moe under sak 58 og 59.

Tid: Torsdag 30.08.2012 kl.9-18

Stad: Schous

Sakliste

Styresak 2012/54 Innkalling og sakliste

Styresak 2012/55 Orienterings- og referatsaker

Styresak 2012/56 Arbeid med grafisk profil – Provinsen er til stades kl.10-12

Styresak 2012/57 Årets lokallag

Styresak 2012/58 Årets folkemusikkarrangør

**Styresak 2012/59 Evaluering av Folkelarm – rapport – Jan Lothe Eriksen er til
stades kl.14-15.**

Styresak 2012/60 Fastsetting av lønnsramme lokale forhandlingar

**Styresak 2012/61 Landskappleik og Landsfestival – ny vurdering av betaling av
leige av arrangementa**

Styresak 2012/62 Søknad om kongepokal

Styresak 2012/63 Kulturrådet si evaluering av kompetansenettverka – drøfting

Styresak 2012/64 Eventuelt

Styresak 2012/54 Innkalling og sakliste

Vedtak: Innkalling og sakliste vart godkjend.

Styresak 2012/55 Orienterings- og referatsaker

Vedlegg: Orienterings- og referatssaker

Framlegg til vedtak: Orienterings- og referatsakene vert teke til orientering med desse merknadane:

- Styret i FolkOrg ønskjer ikkje at Dansearven vert sendt ut med kap 4 med tiltaka. Dagleg leiar tek kontakt og varslar om det.

Styresak 2012/56 Arbeid med grafisk profil – Provinsen er til stades kl.10-12

Styret arbeidde saman med Provinsen med designbriefen. Vi inviterar medlemma til å kome med innspel. Styret sender innspel til dagleg leiar.

Ingen vedtak

Styresak 2012/57 Årets lokallag

Tor Stallvik er ugild i saka og deltok ikkje i handsaminga.

Vedtak:

Styret vedtek å nominera følgjande 3 lokallag til prisen for årets lokallag:

Bærum

Seljord

Vågå

Styresak 2012/58 Årets folkemusikkarrangør

Vedtak:

Styret nominerar:

Colombi Egg

Stiftinga Hilmar Aleksandersen

Kalottspel

Styresak 2012/59 Evaluering av Folkelarm – rapport – Jan Lothe Eriksen er til stades kl.14-15.

Vedtak:

1. FolkOrg lyser ut eit års engasjement som prosjektleiar for Folkelarm 2013 i 60 % stilling.
2. Dagleg leiar gjer berekningar på kor mykje lønsmidlar vi har tilgjengelig før styret tek avgjersle på om vi skal leige inn ein lobbyist for å arbeide for ei ny organisering og meir midlar til Folkelarm.
3. FolkOrg må legge ei plan for på kva måte rapporten skal offentleggjera, t.d. i eit seminar.

Styresak 2012/60 Fastsetting av lønnsramme lokale forhandlingar

Vedtak: Lønnsramme til lokale forhandlingar er sett til kr 60.000.

Styresak 2012/61 Lanskappleik og Landsfestival – ny vurdering av betaling av leige av arrangementa

Vedtak: Styret i FolkOrg vedtek at f.o.m. 2014 skal leigesummen for Lanskappleiken og Landsfestivalen vera kr. 100 000 pr. arrangement.

Styresak 2012/62 Søknad om kongepokal

Vedtak: Styret vedtek å søkje Slottet om Kongepokal i klassa for "Spel fele" under Lanskappleiken på Røros. Det vert ikkje søkt om Kongepokal til Landsfestivalen.

Styresak 2012/63 Kulturrådet si evaluering av kompetansenettverka – drøfting

Dagleg leiar orienterte om prosessen som har vore for å kome fram til ei meiningsomsetjing som FolkOrg skal fremje på vegne av folkemusikkens sentra og FolkOrg sjølv. Hovudbokskapen er:

- Stønadsordninga for kompetansenettverk må ikkje avviklast.
- Kompetanseomgrepet med utvidast til og gjelde "learning by doing"
- Det trengs basisfinansiering av sentra for folkemusikk og rock.

Vedtak: Styret stiller seg bak framlagte bodskap om kompetansenettverk

Styresak 2012/64 Eventuelt

FolkOrg har fått ein søknad frå eit lag som ønskjer å bli medlem. Dei ønskjer å kalle seg *Spelemannslaget Landslaget for spelemenn*. FolkOrg vil gjerne ha laget som medlemmar om

vedtekten og føremålet samsvarar med våre, men ber dei om å velje eit anna namn, då dette er så knytt opp til ein av organisasjonane som stifta FolkOrg.